



Gullregn er en prydbusk som no er eit syn fleire stader i Uskedalen og som i høgste grad innfrir det den heiter. Men nok ein gong er det grunn til å åtvara: Dette er ei svært giftig plante og ekspertane strekar under kor viktig det er å ta kontakt med lege straks hvis nokon har ete gullregn. Mange av gullregnartane har belger med frø og det er særleg dei som fristar ungar. Ein belg inneheld 3-5 frø og 2-10 frø kan gje forgiftning hos barn.

Symptomar på det kan vera brekningar, svimmelheit, hallusinasjonar, hjartebank og store pupillar. Et ein store mengdar kan det føra til kramper og at ein vert medvitslaus.

Biletet over er teke på Neset i dag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen